

KURSKATALOG

2010



RAULANDS 
AKADEMIET

www.raulandsakademiet.no

Velkommen til kurs 2010

Raulandsakademiet er den staden i Noreg som tilbyr flest kurs innan tradisjons-
handverk. Kursverksemda er i samarbeid med Folkekulturforbundet. Den
lokale tilknytninga er Rauland Husflidslag.

Folkekulturforbundet har som sin visjon at det skal vera mogleg for alle som
bur i Noreg å bli kjende med og lære folkelege kulturuttrykk. Vi skal legge til rette
for trygge og skapande læringsfellesskap med høg kvalitet. Opplæringa som blir
gjeve skal ha kvalitet og breidde. Den skal representere eit mangfald geografisk
og på ulike nivå, og den skal syne både tradisjonelle og eksperimentelle uttrykk.
Raulandsakademiet arbeider aktivt for å oppfylle desse måla.

Hausten 2010 blir overnattingsdelen av Raulandsakademiet pussa opp. Det skal
bli bad til kvart rom. Derfor finn du ingen haustkurs i katalogen i år. Men det
er fleire kurs i april og mange i juni/juli.

Vi håper at du finn eit kurs som fell i smak. **Velkommen til oss!**

Helsing Ann Mari Jore

Nye tilbud i år:

Sølvsmykke laga i trådkunstteknikk eller det som blir kalla "Wire Wrapping". Teknikken
krev lite og enkel reiskap, men gjev flotte resultat.

Harley Refsal tek turen frå USA for å lære bort **figurskjerarkunsten**. Nytt høvet i
sommar. Det er 2 år til neste gong han kjem!

Pilfletting med Klara Pil. Ta ein titt på bileta og la deg inspirere av tradisjonell flettekunst
med moderne uttrykk!

Lag din eigen mandolin! Harald Hougaard vil i sommar lose deg trygt gjennom heile
prosessen.

Strengarbeid, metalltrådarbeid eller taterkunst. Det er mange namn på det tradi-
sjonelle handverket blant taterar i Noreg. Glenn Frode
Pedersen vil lære bort kva ein kan få ut av ståltråd, tang
og avbitar.

I mange år har det vore spørsmål om kurs i
restaurering av lafta bygningar. I år har du
sjansen.

**Har bunaden krympa i skåpet? Må han syast
om?** Åse Bratland kan hjelpe deg i sommar.

Andre kurs:

Fuglekikking • Kniukurs • Lafting • Skrivekurs • Båtførar-
prøva • Akvarell • Landskapsmåling • Baking i steinomn •
Biletvev • Tægerbinding • Møbel-tapetsering •
Brukskniv • Dreing i tre • Fotografering
• Gyllenler • Redesign • Kalligrafi •
Redesign • Bunadskurs • Sølvarbeid
• Steinsliping og mykje mykje
meir.....

Ann Mari Jore



Nyttig informasjon om kursa

Kursa på Raulandsakademiet blir arrangera i samarbeid med Folkekulturforbundet. Fleire kurs går parallelt slik at ektefeller eller vener kan gå på kvart sitt kurs samstundes. I år er det om lag 60 kurs å velje mellom. Det blir utarbeidd ein plan for kvart kurs, som blir sendt til dei som ber om det, eller melder seg på. Her finn du detaljopplysningar om tidsrom, lærar, materiale, verktøy og kva materialkostnadene blir.

Kursplan finn du og på www.raulandsakademiet.no.

Kven kan melde seg på kurs?

Kursa er opne for alle over 14 år. Er du dårleg til beins eller har andre hemningar, vil vi gjerne ha beskjed om det, slik at vi kan legge alt best mogleg til rette. Dersom du ikkje snakkar norsk, er dette som regel ikkje problem. Men ta for sikkerheits skuld kontakt med oss og spør. Dei fleste av våre lærarar snakkar engelsk. Dersom ikkje anna er nemnt i kursomtalen, er undervisningsspråket norsk. Dersom du snakkar andre framandspråk enn engelsk, må du ta kontakt med oss.

Most courses are open for English speakers

Nearly all our teachers understand and speak English. To be certain about the course language, please contact us. If nothing else is mentioned in the course description, the teaching language is Norwegian. For information about the courses in English. Please look at our homepage www.raulandsakademiet.no.

Program for sommarkurs

Du er velkommen frå kl 1500 den dagen kurset startar. Innkvartering. Måttid kl 1800. Kl 1900 er det fyrst felles orientering i Vesaas-salen, deretter startar kurset på verkstaden. Kl 2100 blir det servert kaffi og kake i matsalen.

Ein kursdag ser slik ut: Frukost frå 0730. Samling i Vesaas-salen kl 0830 til orientering om program for dagen. Kursdeltakarane blir bedne om å bidra med song, dikt, ei god historie eller liknande. Undervisning frå 0845 og fram til lunsj kl 1200. Etter lunsj er det undervisning fram til kl 1545. Då blir det servert frukt, te og kaffi. Etterpå er det høve til å gå på utstilling, fjelltur eller liknande. Middag kl 1830. Verkstadene er opne til kl 2200. Nokre kveldar er det foredrag om ymse emne. Siste kveld stiller kursdeltakarane ut det dei har laga på kurset. Etterpå blir det ekstra servering og underhaldning. Kurset avsluttast med lunsj siste kursdag.

Fritidsaktivitetar

Fritida kan ein nytte til friluftaktivitetar: fotturar i fjellet, bading i Totak, båttur på Møsvatn, fiske, padling eller rideturar. Du kan vitje ei av utstillingane i distriktet: Raulandsutstillinga, Mjonøy og Vinjeutstillinga, Vinje Biletgalleri med verk av Henrik Sørensen og Harald Kihle, Øyfjell Bygdemuseum, Haukeliuutstillinga, Seljordsutstillinga, Dyre Vaa samlingane, Knut Skinnarland Skulptursamling, Lårdal Bygdemuseum, Anne Grimdalen museet, eller andre kulturminne som Vinjestoga, Myllarheimen og freda bygningar på Djuvland fjellgard.

Gåvekort

Å få eit kurs i gåve er populært. Ta kontakt med oss, gje oss namn på den heldige, kor gåvekortet skal sendast og kven som skal betale.

Tips ein ven

Kjenner du nokon som du trur ville setja pris på å få ein kurskatalog? Ring oss eller send oss ei melding med namn og adresse, så sender vi katalogen i posten.

Nyttig informasjon om kursa

Påmelding til kurs

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.

Du melder deg på ved å sende inn påmeldingsskjemaet, brev, fax eller e-post. Påmeldinga bør vere skriftleg. Etter at du har meldt deg på får du brev som stadfester påmeldinga saman med giro for innbetaling av kursavgift. Ikkje vent for lenge med å melde deg på! Dei mest populære kursa blir fort fulle. Etter påmeldingsfristen ser vi om det er nok påmelde. Då får du stadfesting på at kurset kjem i gang, detaljert informasjon om kurset, deltakarliste og giro for betaling av mat og opphald dersom du skal bu på Raulandsakademiet.

Dersom vi må avlyse kurset, får du brev om det, og kursavgifta blir tilbakebetalt. Påmeldingsfrist for kursa er fire veker før kursstart. Men dersom det er ledige plassar, tek vi mot påmelding fram til kursstart.

Betaling av kursavgifta

Kursavgifta dekker kurs og verkstad. Mat og opphald på Raulandsakademiet kjem i tillegg. Etter påmeldingsfristen og dersom det er nok deltakarar, sender vi deg stadfestingsbrev. Dersom du ynskjer å bu heime eller på hytta under kurset, betaler du berre kursavgift.

Innkartering

Du får kost og losji på Raulandsakademiet. Så sant det er plass, er det høve for familiemedlemmer og andre å leige seg inn. Vi har dessverre ikkje høve til å ta i mot bubilar, telt og campingvogner på Raulandsakademiet sitt område. Vi viser til campingplassar i nærleiken.

Frammøte

Vi ynskjer deg velkommen i god tid før kurset startar. Innkartering frå kl. 1500. Det blir servert suppe og rundstykke kl. 1800. Felles informasjonsmøte kl. 1900.

Dersom du må melde avbod

Dersom du likevel ikkje kan møte på eit kurs du har meldt deg på, er det viktig at du melder frå så fort som mogeleg, slik at dei på venteliste kan få plassen din. Fram til 14 dagar før kursstart får du tilbakebetalt kursavgifta minus kr 1000,- Etter 14-dagars fristen blir kursavgifta ikkje tilbakebetalt.

Offentlege kommunikasjonsmiddel

Haukeliekspressen med bussruter til Oslo, Bergen, Haugesund, Skien, Porsgrunn, Sandefjord. Ruteopplysing: 177 eller 81500184, www.telemarkbil.no.
Tog og buss: Sørlandsbanen til Bø og buss vidare til Rauland. www.nsb.no
Hugs alltid å sjekke rutetider.

Raulandsakademiet A/S

3864 Rauland

Tlf.: 35 07 32 92

Fax: 35 07 35 30.

post@raulandsakademiet.no

www.raulandsakademiet.no

Raulandsakademiet

Raulandsakademiet blei bygd som ein folkehøgskule fyrst på 70-talet og har derfor store og greie rom til møte og kursverksemd. I tillegg blei det fyrst på 90-talet bygd eit tun med kopiar av gamle, lafta hus frå distriktet, Telemarkstunet. Desse bygningane blir bruka som verkstad og utsal for handverkarar og som undervisningsrom.

Om sommaren og i helgene arrangerar Raulandsakademiet kortare kurs hovudsakleg innan husflid og handverk. Kursa blir arranger i samarbeid med Folkekulturforbundet. I år tilbyr vi 60 kurs. I denne katalogen finn du fylldig omtale av dei ymse kurstillboda. Detaljinformasjon om kursa finn du på www.raulandsakademiet.no

Raulandsakademiet leiger ut lokale til Høgskolen i Telemark, Institutt for folkekultur. Meir informasjon om studia finn du på www.hit.no

Skal du bu her medan du er på kurs kan du overnatte på internatet. Vi har ca 65 rom, ein - og tomannsrom, til saman ca.90 senger. Romma blir leigd ut heile året til gjester som treng overnatting og mat. Staden er eit godt alternativ for større grupper som treng rimeleg overnatting.

Velkommen til Raulandsakademiet som feriegjest, kursdeltakar, eller berre for ein tur på Telemarkstunet.



Påmelding til kurs

Nr. og namn på kurset:

Frå dato:.....

Til dato:

Namn:

Adresse:

Poststad:.....

Fødselsdato:.....

Tlf. om dagen:

Tlf. om kvelden:

E-post:

Fax:

Ynskjer du opphald og mat på Raulandsakademiet? Ja Nei

Særlege opplysningar:

.....

Stad og dato:

Underskrift:.....

Kursoversikt 2010

Kurs	Side	Dato	Nr.	Lærer
Akvarell	26	19.7-25.7	1035	Ivar Øksendal
Baking, steinovn og takke	8	8.4-11.4	1094	Torbjørn Løvås
Baking, steinovn og takke	23	12.7-15.7	1095	Torbjørn Løvås
Bilettev	17	5.7-11.7	1088	Anne Gro Johansen
Bunad, omsaum og tilpassing	30	26.7-1.8	1025	Åse Bratland
Båtførarprøva	15	1.7-4.7	1004	Reidar Stolpestad
Data, lag dine egne web-sider	23	15.7-18.7	1009	Espen Høegh-Larsen
Datakurset "livredd for data"	19	8.7-11.7	1081	Espen Høegh-Larsen
Data "tekstbehandling for skriveglade"	23	12.7-15.7	1027	Espen Høegh-Larsen
Design, mønsterkonstruksjon og saum av klede	26	19.7-25.7	1030	Veronika Glitsch
Emaljering	13	28.6-4.7	1022	Linn Sigrid Bratland
Figurskjeri, vekeskurs	13	28.6-4.7	1019	Harley Refsal
Figurskjeri, intensivkurs	18	5.7-8.7	1061	Harley Refsal
Figurskjeri til jol	20	8.7-11.7	1085	Harley Refsal
Forteljarkunst	29	26.7-1.8	1005	Gunn Inger Aareskjold
Fotografering med digitalt kamera	15	28.6-1.7	1089	Dagfinn Kristiansen
Foto, behandling av digitale bilete	15	1.7-4.7	1002	Dagfinn Kristiansen
Fuglekikking	11	17.6-20.6	1055	Anders Borgehed
Gyllenler, grunnleggande innføring	22	12.7-18.7	1011	Marit Furulund
Gyllenler, måling	25	19.7-25.7	1012	Marit Furulund
Gyllenler, måling	28	26.7-1.8	1013	Marit Furulund
Ikonmåling	22	12.7-18.7	1044	Vappu Larsen
Kalligrafi, påbyggjingskurs	24	15.7-18.7	1086	Borghild Telnes
Knivkurs, vidarekomande	9	8.4-11.4	1047	Olav Mortensen
Lafting	12	28.6-18.7	1010	Ottar Romtveit
Lafting 2, restaurering av lafta bygg	25	19.7-1.8	1032	Otter Romtveit
Landskapsmåling	18	5.7-11.7	1053	Kjersti Eliassen
Lasering/rosemåling på møblar, helgekurs	8	8.4-11.4	1082	Ellen Øygarden
Lasering og rosemåling på møblar	12	28.6-4.7	1096	Ellen Øygarden
Mandolin, bygg din eigen	16	5.7-18.7	1039	Harald Hougaard
Maskinstrykking, grunnkurs 1	22	12.7-18.7	1006	Marit Buset
Maskinstrykking, grunnkurs 2	26	19.7-25.7	1007	Marit Buset
Møbeltapetsering/trekk om møblar	17	5.7-11.7	1070	Marit Furulund
Pilfletting	21	12.7-18.7	1036	Klara Pil
Pølsar, heimelaga	9	8.4-11.4	1097	Bodil Nordjore
Redesign av klede	28	26.7-1.8	1062	Veronika Glitsch
Rosemåling, telemarkstil, helgekurs	8	8.4-11.4	1069	Kari Signe Bråten Knudsen

Kurs	Side	Dato	Nr.	Lærer
Rosemåling, telemarkstil	27	19.7-25.7	1065	Kari Signe Bråten Knudsen
Sisselering	29	26.7-1.8	1077	Linn Sigrid Bratland
Skinnefell, tradisjonell saum og trykking	13	28.6-4.7	1001	Britt Solheim
Skrivekurs for besteforeldre	14	28.6-1.7	1003	Kjersti Wold
Skrivekurs	30	26.7-29.7	1020	Kjersti Wold
Slektsforskning, innføring	19	5.7-8.7	1024	Torill Johnsen
Staskniv med sølvbeslag	22	12.7-18.7	1042	Martin Elgum
Steinsliping	18	5.7-8.7	1087	Birgith Hestangen
Strengarbeid, taterkunst	30	26.7-29.7	1017	Glenn-Frode Pedersen
Sølvarbeid for nybyrjarar	27	19.7-25.7	1029	Anne Synnøve Berglund
Sølvarbeid/filigran	17	5.7-11.7	1064	Gunnhild Astrid Evju
Sølvsmykke med trådkunstteknikk	19	8.7-11.7	1008	Hanne Nenah Styhr
Teiknekurs for deg som "ikkje kan" teikne	14	28.6-4.7	1016	Anne Gro Johansen
Teikning, helgekurs	9	8.4-11.4	1037	Ole Storm
Toving, veske, skjerf og hatt	14	28.6-4.7	1067	Hillevi Huse
Tredreing	29	26.7-1.8	1060	Johannes Rieber
Tredreing, fat og bollar	27	19.7-25.7	1046	Ingebjørg Neset
Treskjerjing, drakestil	27	19.7-25.7	1023	Anneli Engeland
Tægerbinding	16	5.7-11.7	1028	Signe Irene Berg

Opphald på Raulandsakademiet

- Rimeleg kost og losji
 - Grupperabatt
- 97 senger på internat
- Stor øvingssal, greie opphaldsrom
- Flott turterreng sommar og vinter

Tlf. **35 07 32 92** måndag–fredag kl 08–16
post@raulandsakademiet.no
www.raulandsakademiet.no

Veke 14 april

Om ettermiddagen kan det vera greitt å gjera noko heilt anna. Her er forslag til aktivitetar i nærområdet.

Fredag Omvisning på Telemarkstunet med handverksutslag.

Laurdag Besøk Rauland Kunstforening. Gunda Aarhus, jubileumsutstilling

Laurdag kveld Avslutningskveld, konsert og servering.

Andre forslag Skitur, Rauland Ridesenter og andre arrangement, konsertar og foredrag som blir annonsert seinare.

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Baking, steinomn og takke 8.4-11.4

Torbjørn Løvås Kurs 1094

Du vil lære baking i vedfyrt steinomn. Heile prosessen frå å fyre opp omnen, lage deigar til ferdig steikte brød og kaker. Det blir og tid til å prøve ut særskilde oppskrifter. Du vil lære baking på takke, lage kling, brau, lefser, lappar m.m. Torbjørn Løvås er kokk og arbeider til vanleg på Raulandsakademiet. Kurs frå torsdag kl 19 til sundag kl 12.

Påmeldingsfrist 11.3. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Rosemåling, telemarkstil, helgekurs 8.4-11.4

Kari Signe Bråten Knudsen Kurs 1069

Kurset høver for deg som har prøva litt rosemåling før. Oljefargar. Individuell undervisning. Kurset inneheld teori om oppbygging og linjeføring i ei Telemarksrose, men det blir lagt mest vekt på praktiske øvingar. Kurs frå torsdag kl 19 til sundag kl 12.

Påmeldingsfrist 11.3. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Lasering/rosemåling på møblar, helgekurs 8.4-11.4

Ellen Øygarden Kurs 1082

Du må ta med eigne ting til å måle på eks. stol, dør, kommode, skap eller mindre gjenstandar. Det er viktig at ubehandla treverk får eit målingsstrøk før kurset tek til, slik at du ikkje treng å bruke tid på grunning og pussing. Materialutlegg ca. kr 300.-. Ellen Øygarden har arbeidd med rosemåling og lasering på interiør i mange år. Ho har mellom anna dekorert Holmenkollen kapell. Kurs frå torsdag kl 19 til sundag kl 12.

Påmeldingsfrist 11.3. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Pølser, heimelaga 8.4-11.4

Bodil Nordjore Kurs 1097

Få hjelp av Bodil til å få god smak på middagspølsene! Lær og lage spekepølse av elg, storfe, lam, svin og blanding, noko salta og røykt og noko berre salta. Middagspølser av lam, svin og blanding, t.d. bondepølse, medisterpølse, tradisjonspølse. Pølser med eller utan urter, det blir bruka gode krydderblandingar. Ein må rekne 2000 -3000 kr eller meir i råvarekostnad. Deltakarane tek med seg produkta heim. Bodil Nordjore har arbeidd med tradisjonsmat i 25 år og er fagleg ansvarleg for tradisjonsmatstudiet på Høgskolen i Telemark, Rauland. Ho har gjeve ut fleire kokebøkar, hausten 2008 kom "Den store pølseboka". Kurs frå torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 11.3 Kurs kr 2900,- Opphald og mat kr 1740,-

Teikning 8.4-11.4

Ole Storm Kurs 1037

Kurset tek sikte på å øve opp teiknelede og å gje deg kunnskap om teikning. Vi skal teikne objekter og menneske inne og teikne hus og landskap ute, dersom været blir bra. Du vil lære prinsipp for perspektivteikning, ljøs og skugge, former og fargar. Det vil bli lagt vekt på det deltakarane sjølve ynskjer å lære. Kurs frå torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 11.3. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Knivkurs for viderekomande 8.4-11.4

Olav Mortensen Kurs 1047

Dette kurset høver for deg som har laga kniv før. Det blir lagt stor vekt på form, linjer og dekorelement. "Linjene i kniven og slira må harmonere, elles blir det ikkje kniv", sitat frå Knivbladet 1-2009. På kurset lagar du ein telemarkskniv med akantusdekor, skjering eller pauting. Du kan velje om du vil lage kniv på lest eller direkte på kniven. Olav Mortensen er knivmakar sidan 1981, har hatt fleire kurs i Noreg og i utlandet, har fyrstepremiar frå Dyrskun og Handelstevnet og er kjend som god knivdommar og læremeister. Sjå artikkel om Olav Mortensen i Knivbladet nr 1, 2009. Materialkostnad pr. kniv ca. kr 500,- Kurs torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 11.3. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-



DET GÅR AN PÅ RAULAND

Annonse:



RIDING

for barn, ungdom og vaksne på alle nivå.

Privatleksjonar, gruppeleksjonar og kurs på bestilling. Ta kontakt!

Ta kontakt med Sigrid Rui
på mob.: 906 45 699
eller e-post:
rauland@ridesenter.net



www.raulandridesenter.no ridesenteret i rauland

Annonse:

Unike studiar i folkekunst og folkemusikk



Årsstudiar og 3-årige bachelorstudiar i

- Folkekunst - tre, metall eller tekstil
- Folkemusikk

Masterstudium i tradisjonskunst (folkekunst eller folkemusikk)

Deltidsstudiar i

- Kreativ maskinstrykking I og II
- Tradisjonsmat

Studietilbod ved Institutt for folkekultur høver for utøvarar av folkekunst eller folkemusikk og for deg som tek sikte på eit yrke innom kulturarbeid eller lærarverksemd.

Velkomen til eit innhaldsrikt studieår i flott natur, nye og funksjonelle lokaler med godt utstyrte verkstadar, lydstudio, pc-lab, øvingsrom m.m.



**Høgskolen i Telemark
Institutt for folkekultur**

3864 Rauland
Tlf. 35 95 29 00
Fax 35 95 29 01
www.hit.no/folkekultur

Denne helga tek vi opp att suksessen frå i fjor og arrangerar kurs i fuglekikking med Anders Borgehed. På kurset i slutten av juni 2009 observerte dei 73 fugleartar. Anders bur for tida i Sverige og gler seg til å koma attende og helse på det fantastisk rike fuglelivet på Rauland.

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Fuglekikking 17.6-20.6

Anders Borgehed Kurs 1055

Få meir ut av turar i skog og mark! Bli kjend med fuglelivet i Rauland! På dette tredagars kurset kan du lære deg meir om desse spanande skapningane. Det blir eit kurs som passar både for dei som er nybyrjarar, dei som vil gjere seg kjend med fjellfuglar for fyrste gong, og dei som vil utvikle si interesse med hjelp av rettleiing innan feltbestemming og fuglelåtar. Heile kurset, utanom torsdag kveld, foregår ute. Vi skal besøke Møsvasstangen, eit stort våtmarksområde der særleg ender og vadefuglar held til. Her hekkar traner, svømmesniper og blåstruper. Vi kjem til å ta skogsturar der vi håper å få auga på skogsarter som lavskrike, korsnebb og hakkespette. Og sjølvstekt tek vi turen til fjells der vi håper at ryer, lappspurv og ringtroster vil halde oss med selskap. Kva slag fjelltur vi tek blir bestemt i gruppa. Alle turar blir leia av ein erfaren ornitolog som svarar på spørsmål og finn dei beste plassane. Alle turar går i eit stille tempo slik at det blir bra med tid til å nyte fjellet, drikke kaffi og ete nista. For spørsmål ta gjerne kontakt med Anders Borgehed tlf. +46 703 744 154.

Kurs torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 20.5. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-



Veke 26 juni – juli

Rauland er full av kulturtilbod om sommaren. Om ettermiddagen kan det vera greitt å gjera noko heilt anna. Her er forslag til aktivitetar i nærområdet.

Tysdag Omvisning på Telemarkstunet, steinomnsbakeri og handverksutslag.

Deretter guida spasertur til Totak med informasjon om turstiar, badeplassar m.m.

Onsdag Tur til Rauland Kyrkje. Lafta korskyrkje frå 1802. Guide i kyrkja.

Torsdag Besøk Rauland kunstmuseum. Dyre Vaa samlingane og Knut Skinnarland museum. Musea ligg i gangavstand frå Raulandsakademiet. Guide på musea.

Fredag Besøk Rauland Kunstforening si sommarutstilling i Rauland sentrum.

Laurdag kveld Avslutningskveld, utstilling av det vi har laga på kursa, konsert, servering.

I tillegg er det mange andre arrangement, konsertar og foredrag i kulturkommunen Vinje. Du får informasjon kvar morgon i kurstida.

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Lafting 28.6-18.7

Ottar Romtveit Kurs 1010

På kurset kan du setje opp di eiga hytte (sjølvbygger), eller du kan vere vanleg kursdeltakar der du er med og byggjer ei anna hytte. Dersom du vil vere sjølvbygger, må du halde teikning og virke sjølv. Maks storleik på lafta hytte 20 m². Du vil rekke å kome godt i gang med veggane på hytta, men vil trenge meir tid for å bli ferdig. Du får opplæring i materialval, dimensjonering og kvalitetskrav og i bruk og oppsetjing av verktøy. Deltakarane må ha med eige handverktøy og verneutstyr. Du kan leige lafteverktøy, kr 300.-. Vi du lære meir, kan du gå kurset restaurering av lafta bygningar som startar 19. juli. Otter Romtveit er byggmeister og arbeider profesjonelt med lafting. Kurset varer tre veker.

Påmeldingsfrist 31.5. Kurs kr 12900,- Opphald og mat kr 10440,-

Lasering og rosemåling på møblar 28.6-4.7

Ellen Øygarden Kurs 1096

Vi legg vekt på fargebruk, noko dekor, rosemåling, lasering og marmorering. Du må ta med eigne ting til å måle på, eks. stol, dør, kommode, skap eller mindre gjenstandar. Kostnad til måling ca. kr 300.-. Ellen Øygarden har arbeidd med rosemåling og lasering på interiør i mange år. Ho har mellom anna dekorert Holmenkollen kapell. Kurs måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Skinnfell, tradisjonell saum og trykking **28.6-4.7**

Britt Solheim Kurs 1001

Deltakarane lærer å skjære til og handsy ein skinnfell etter tradisjonell metode. Vidare lærer ein om val av material og arbeidsreiskap til skinnfellsaum, tradisjonell bruk av farge, komposisjon og ornament i dekortrykk, og praktisk trykking på skinnfell. Det er ikkje krav til forkunnskapar. Materialkostnadene er avhengig av kva slag type skinn og kor mange skinn deltakarane ynskjer. Pris pr skinn varierar frå ca 750 kr til 1100 kr. Fire til seks skinn er vanleg å bruke. Materiell elles, skjærnåler, klyper, lintråd, koster til sammen ca 300 kr. Kurslærar kan skaffe materiell og har arbeidsverktøy til utlån for dei som ynskjer det.

Britt Solheim har halde skinnfellkurs i ei årrekke, utvikla kursmateriell og gitt ut bok om emnet. Kurslærar sender deltakarane utfyllande informasjon om skinn og prisar før kurset. Ho vil ha samtale med deltakarane på førehand når det gjeld skinntype og storleik på fellen. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Figurskjerjing **28.6-4.7**

Harley Refsal Kurs 1019

På kurset lærer du å skjera menneskefigurar. Tresorten er lind. Treskjerarstilen er prega av få og grove snitt, du brukar ein liten skarp kniv. Figurane blir fargelagt med svak beis. På kurset vil du rekke å lage fleire figurar. Du vil lære å utforme figurar etter eigen ide. Harley Refsal fører vidare tradisjonane frå Axel Peterson Döderhultarn, den kjende svenske treskjeraren som levde rundt forrige århundreskifte. Siste boka til Harley Refsal er "Scandinavian Style Woodcarving". Harley tek turen frå USA for å undervise på dette kurset. Han snakkar flytande norsk. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5. Kurs kr 4700,- Opphald og mat kr 3480,-

Emaljering **28.6-4.7**

Linn Sigrid Bratland Kurs 1022

Emalje er ein form for dekor på metall. Det er glaspulver som blir smelta fast til overflata på metallet på ulike måter. På dette kurset vil du lære å emaljere på sølv og kopar, med såkalla smykkeemalje. Få kjennskap om ulike måter å brenne emalje på, emaljere krumma former, og bruke emaljeslaglodd.

Du treng ikkje å ha emaljert før, men det er ein fordel om du kan det grunnleggande innan metallarbeid, slik som lodding, filing og saging. Linn Sigrid Bratland er smykkedesigner. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Teiknekurs for deg som "ikkje kan" teikne 28.6-4.7

Anne Gro Johansen Kurs 1016

Teikning kan trenast opp hos alle, det er og grunnlag for kunnskap om visuell forståing. Kurset tek sikte å gje deg kunnskap om teikning og å øve opp teikneglede. Når vi som vaksne går inn i eit område vi føler at vi ikkje meistrar, møter vi på hindringar som er vanskelege å bryte igjennom på eige hand. Kurset tek sikte på å bryte gjennom slike hindringar, gje deg tru på at du kan teikne og å øve opp teiknegleda. Kurs måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5 Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Toving, veske, skjerf og hatt 28.6-4.7

Hillevi Huse Kurs 1067

Grunnleggande kurs i toving der vi konsentrerer oss om veske, skjerf og hatt med spanande fargar og effektar med eller utan innlagt stoff (nanofilt). Dette gjer at resultatet blir heilt særmerkt og får personleg preg. På kurset kan du koma med eller utan kunnskap om emnet på førehand. Materialkostnad kr 500.- eller meir etter kor mykje som blir laga. Heimeside: Søk på Hillevi Huse. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5. Kurs kr 4300.- Opphald og mat kr 3480.-

Skrivekurs for besteforeldre 28.6-1.7

Kjersti Wold Kurs 1003

I boka "Writing your life story" seier forfattern Michael Oke: "Din historie er unik. Hvis den ikke blir skrevet ned vil den forsvinne." Han skriv vidare: "Jeg tror at det mest verdifulle vi kan gi til vår familie og de som skal følge etter oss, er en fortrolig, førstehånds beretning om våre liv." På dette kurset lærer du ulike innfallsvinklar og teknikkar for å skrive ned dine eigne erfaringar. Du får praktiske tips og råd for å starte eller avslutte eit skriveprosjekt, der du jobbar med eigen erindring og hentar inspirasjon fra eige liv. Kurset krev ingen førehandskunnskap. Kjersti Wold er skjønnlitterær forfattar og har saman med Gro Dahle gjeve ut to bøker om kreativ skiving. Ho har hatt fleire hundre skrivekurs og er ein av dei mest etterspurte kursleiarane i landet. www.kjerstiwold.no. Kurs måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5 Kurs kr 2600,- Opphald og mat kr 1740,-



DET GÅR AN PÅ RAULAND

Fotografering med digitalt kamera **28.6-1.7**

Dagfinn Kristiansen Kurs 1089

Kurset høver for deg som vil ta betre bilete, og lære meir om funksjonar/innstillingar og begrensningar i det digitale kameraet. Stikkord for undervisninga og workshop er: kvitballanse, ISO, blitzbruk, fotografering i lys uten blitz, lysretningar, makrofotografering, djubdeskarphet, lyskompensasjon, effektar ved ulike lukkertider, bruk av stativ, frihand, digital zoom, filstorleik, formatere kort, lage fotokunst, unngå raude auge, portrett, landskap, abstrakte motiv, komposisjon, biletelement etc. Deltakarane må ha med seg digitalt kamera, gjerne med 2 minnekort og manualen til kameraet. Dagfinn Kristiansen har arbeidd med fotografering i 35 år, dei siste 15 åra med digital fotografering. Heimeside www.dkrist.com. Kurs måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5 Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Båtførarprøva **1.7-4.7**

Reidar Stolpestad Kurs 1004

Ny lov for føring av fritidsbåt gjeldande frå 1. mai 2010. Du må ha båtførarprøva dersom du er under 30 år og skal føre ein båt som er lengre enn 8 meter, eller ein motor som er større enn 10 hk., eller ein motor som kan gjera større fart en 10 knop. Sjøfartsdirektoratet anbefalar at alle, uansett alder, tek prøva. Dette fordi dei fleste ulykkene (80%) skjer med folk som er over 30 år. Du lærer det som er naudsynt for å føre ein fritidsbåt på opp til 15m slik at navigering og behandling av båten skjer i samsvar med gjeldande førskrifter og godt sjømannskap. Læraren din, Reidar Stolpestad, har undervist i navigasjon og sjømannskap i fleire år og har praktisk erfaring frå større og mindre fartøy etter meir enn 20 års fartstid frå Cape Town i sør til Svalbard i nord. Kurs torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5 Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Foto, behandling av digitale bilete **1.7-4.7**

Dagfinn Kristiansen Kurs 1002

Kurset høver for deg som kan nok om kameraet og innstillingar, men som vil ha ei innføring eller oppfrisking av biletprogrammet photoshop. Kurset er ei fin påbygging til kurset som går frå måndag til torsdag. Du lastar ned bileta på PC eller MAC, redigerar, justerer og behandlar eigne kopiar. Heile tida vil gå med til etterarbeid av bileta. Du må ha erfaring med PC/MAC. Du må ha med: Digitalt kamera med USB-kabel hvis du er vant til å laste ned bilete direkte fra kamera, men bruk helst ein kortlesar. Ta med manualen til kameraet, batteri og ladar. Bærbar eller stasjonær PC/MAC og fargeprintar som fungerer saman med datamaskina, og USB-kabel. Dagfinn Kristiansen har arbeidd med fotografering i 35 år, dei siste 15 åra nesten berre med digital fotografering. Heimeside: www.dkrist.com. Kurs frå torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 31.5 Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Veke 27 juli

Rauland er full av kulturtilbod om sommaren. Om ettermiddagen kan det vera greitt å gjera noko heilt anna. Her er forslag til aktivitetar i nærområdet.

Tysdag Omvisning på Telemarkstunet, steinomnsbakeri og handverksutsalg.

Deretter guida spasertur til Totak med informasjon om turstiar, badeplassar m.m.

Onsdag Tur til Rauland Kyrkje. Lafta korskyrkje frå 1802. Guide i kyrkja.

Torsdag Besøk Rauland kunstmuseum. Dyre Vaa samlingane og Knut Skinnarland museum. Musea ligg i gangavstand frå Raulandsakademiet. Guide på musea.

Fredag Besøk Rauland Kunstforening si sommarutstilling i Rauland sentrum.

Laurdag kveld Avslutningskveld, utstilling av det vi har laga på kursa, konsert, servering.

I tillegg er det mange andre arrangement, konsertar og foredrag i kulturkommunen Vinje. Du får informasjon kvar morgon i kurstida.

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Mandolin, bygg din eigen 5.7-18.7

Harald Hougaard Kurs 1039

Vi skal bygge ein enkel folkemandolin i lønn. Det er ein flattopp mandolin med laus stol, enkel dekor og med heiltre lokk i gran.

Det er ein fordel med noko erfaring med trearbeid. Deltakarane må ta med noko personlig utstyr - vernebriller og eiga støvmaske, teikneutstyr, linjal og osb. Ein må rekne med ca kr 2000 i materialkostnad. Harald Hougaard har arbeidd som gitarmaker i 25 år og er kjend for å lage alle slags strenginstrument. For meir informasjon sjå heimesida hans www.hougaardguitars.com og www.myspace.com/haraldhougaard. Kurset varer to veker. Kurs frå måndag 5.7 kl 19 til søndag 18.7 kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. kurs kr 8600,- Opphald og mat kr 6960,-

Tægerbinding 5.7-11.7

Signe Irene Berg Kurs 1028

Tæger hentar vi i myr eller sand. Reinskar og deler. Bind saman i ymse mønster; vanleg binding, kontur, ruter og fleire. Vi lagar fat, skåler, korgar og andre bruks-ting. Nybyrjarar kan få kjøpe tæger av lærar. Du treng ikkje å kunne noko om faget for å vera med på kurset. Det tek lang tid å hente tæger, så dei som har høve til det, bør sanke tæger før kurset. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Sølvarbeid/filigran **5.7-11.7**

Gunnhild Astrid Evju Kurs 1064

Dette kurset høver både for deg som er nybyrjar eller som har litt erfaring med sølvarbeid. Vi skal arbeide med ulike filigranteknikkar, som tvinning av tråd, lage kruser, smelte kjørner og spikke demanter. Bearbeide og hamre opp sølvplate og utsagingsteknikkar høyrer óg med. Eventuelt fatting av stein dersom det blir tid. Vi overflatebehandlar smykket til slutt. Individuell og felles undervisning. Ein må rekne noko utlegg til sølv. Gunnhild Astrid Evju har svenne- og meisterbrev i filigran, utdanning frå Statens håndverk- og kunstindustriskole, har mastergrad frå Høgskolen i Telemark, Rauland. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Møbeltapetsering/trekk om møblar **5.7-11.7**

Marit Furulund Kurs 1070

Her kan du lære enkel stopp og trekk av dine eigne stolar. Gjerne antikke stolar. Treverket må vere i orden. For nokon kan det vere aktuelt å lære snøring av fjører. Snøring av fjører og stopping er arbeidskrevjande. Lærar tek kontakt med deltakarane før kurset for å bestemme kva som skal gjerast og kva som trengs av materialer og utstyr. Materialkostnad til eit spisestolsete med fjører er ca. kr 500.-. Ein treng inga erfaring for å vere med på kurset. Marit Furulund er utdanna møbeltapetserar og i tillegg spesialist på gyllenlær. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Bilettev **5.7-11.7**

Anne Gro Johansen Kurs 1088

Kurs for nye og erfarne biletvevarar. Her kan du veve tradisjonelt eller eksperimentere etter eige ynskje. Det blir undervist i grunnleggande teknikkar, både tradisjonelle og nyare variantar. For dei heilt ferske er det lurt å byrja med ein prøvelapp. Lærar har opplegg og garn. Har du eit mønster du aldri har fått sett ut i livet? Har du lyst til å lage eigne komposisjonar, får du hjelp og rettleiing til det. Du treng ikkje vera god til å teikne. Bilettev er eit stort kunnskapsfelt, du kan sjølv velje område du vil arbeide med; teknikkar, fargar, materialkombinasjonar, komposisjon eller uttrykk. Du må ha eiga biletvevramme. Ta kontakt med kurslærar dersom du har behov for material. Anne Gro Johansen er biletvevar og har undervist i mange år. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Landskapsmåling 5.7-11.7

Kjersti Eliassen Kurs 1053

Dette er eit kurs i olje-/akrylmåleri der vi brukar landskapet som motiv. Vi tek for oss grunnleggande fargelære og komposisjon. Vi lagar skisser ute og arbeider vidare med måleriet inne eller ute. Alle får individuell rettleiing og vi vil bruke døme frå kunst-historia til å forklare dei ulike problema vi møter på. Ta med godt med klede slik at vi kan vere mykje ute. Kjersti Eliassen er aktiv biletkunstnar og har utdanning frå Statens Kunstakademi, Oslo teikne- og måleskule og frå lærarskule/formingslærarskule. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6 Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480.-

Steinsliping 5.7-8.7

Birgith Hestangen Kurs 1087

På kurset blir det undervist i smykkesteinsliping. Du lærer om kva eigenskapar og kvalitetar ein smykkestein bør ha og du lærer å slipe ymse steinar og former. Du treng ikkje ha kunnskap om emnet på førehand for å bli med på kurset. Har du stein du ynskjer å slipe, ta dei med, elles har Birgith eit rikt utval. Birgith Hestangen er utdanna kjemiingeniør, driv eigen steinslipeverkstad, lagar gåveartiklar i stein og kombinerar stein og sølv til smykke. Kurs frå måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Figurskjering, intensivkurs 5.7-8.7

Harley Refsal Kurs 1061

Dette er ein 3-dagars versjon av Harley Refsals populære vekeskurs i figurskjering. På dette kortkurset vil du få ein introduksjon til skandinavisk figurskjering. Målet er at du skal laga minst to ferdige figurar som vil gje deg eit grunnlag for vidare treskjer-arbeid. Tresorten er lind. Treskjerarstilen er prega av få og grove snitt, du brukar ein liten skarp kniv. Figurane blir fargelagt med svak beis. Harley Refsal fører vidare tradisjonane frå Axel Peterson Döderhultarn, den kjende svenske treskjeraren som levde rundt forrige århundreskifte. Siste boka til Harley Refsal er "Scandinavian Style Woodcarving". Harley tek turen frå USA for å undervise på dette kurset. Han snakkar flytande norsk. Kurs måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 2600,- Opphald og mat kr 1740,-



Slektsforskning, innføring 5.7-8.7

Torill Johnsen Kurs nr 1024

Det blir lagt opp til at deltakarane skal arbeide med eiga slekt. Ta med all informasjon du har, dvs. navn og data om fødsel og død. Ta med eigen bærbar datamaskin.

Emne på kurset er: • Kjelder og metodikk, Digitale kjelder; Digitalarkivet, RHD, DIS-Norgestenester og kjelder. • Slektsforum og DIS chat; få hjelp og hjelpe andre. • Nettressursar og søking i desse • Slektsprogram/Slektsbok.

Torill Johnsen er leiar i DIS-Norge og har arbeidd med slektsforskning i mange år. Marianne Derlik frå DIS-kontoret vil vere den andre instruktøren. DIS står for data-behandling i slektsforskning. www.disnorge.no www.torillj.net Kurs måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Datakurset "livredd for data" 8.7-11.7

Espen Høegh-Larsen Kurs 1081

Dette er eit kurs for deg som er heilt fersk på datamaskin. Innføring i tastatur, tekstbehandling, e-post og internett. Espen Høegh Larsen har undervist i data i årevis. Lærebok: "Bli kjent med IKT, kr 225.-. Kurs frå torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6 Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Sølvsmykke med trådkunstteknikk 8.7-11.7

Hanne Nenah Styhr Kurs 1008

Wire Wrapping, Wire Sculpture, Trådkunst, vaierteknikk, denne teknikken har etter kvart fått mange namn. Å skape smykke ut av metalltråd utan loddingar og bruk av enkle reiskapar har blitt gjort i fleire tusen år. På kurset får du introduksjon til verktoy og material som blir bruka av "wire artist" (trådkunstnar). Du vil lære ymse teknikkar for å lage anheng, brosjer, armband og ringer i metalltråd med steinar eller perler. Vi brukar messingtråd (til trening) og 925 sølvtråd, steinar og perler. Det blir laga ei materialpakke til prosjekta, kostnad ca. kr. 500,- Dersom du ynskjer å lage produkt utover dei planlagde prosjekta kan du få kjøpt meir sølvtråd og steinar på kurset eller evt. ta med sjølv. Du treng ikkje erfaring frå sølvarbeid for å vera med på kurset. Hanne Nenah Thorsdalen Styhr har jobba som Wire Artist og sølvsmid i 7 år. Ho arbeider og med filigran. Ho er i dag i gang med mastergrad i tradisjonskunst ved Folkekulturstudiet i Rauland, HIT. Heimeside: www.hannestyhr.com Kurs frå torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Figurskjering til jol 8.7-11.7

Harley Refsal Kurs 1085

Dette er eit tre-dagars kurs med Harley Refsal, med særleg vekt på å skjera jolefigurar. Nissar, joletre og andre jolefigurar er alltid populære motiv. Vi meiner at det ikkje er for tidleg å lage gåver og dekorasjonar for jolehøgtida. Men dersom du meiner det er for tidleg, kan du lage andre figurar. For deg som berre har tid til eit tre-dagars kurs denne sommaren, vil dette kurset gje deg ei innføring i figurskjeringskunsten.

Treskjerarstilen er prega av få og grove snitt, du brukar ein liten skarp kniv. Figurane blir fargelagde med svak beis. Tresorten er lind. Målet er at du skal laga minst to ferdige figurar. Harley Refsal fører vidare tradisjonane frå Axel Peterson Döderhultarn, den kjende svenske treskjeraren som levde rundt forrige århundreskifte. Siste boka til Harley Refsal er "Scandinavian Style Woodcarving". Harley tek turen frå USA for å undervise på dette kurset. Han snakkar flytande norsk. Kurs torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 7.6. Kurs kr 2600,- Opphald og mat kr 1740,-

Annonse:

Utstilling 27. juni - 8. august:

Vinjeutstillinga 2010

50 års jubileum

Tema: Livskraft



Sommarutstilling med måleri, grafikk, skulptur, tekstil, keramikk og foto. Kunsthandverk frå Vinje.

Særutstillar: Bibbi Tveito

Jubileumsutstilling – mimreutstilling:
50 år med kunst og handverk.

Vinje handverkslag er arrangør av utstillinga. Opningsprogram på Vinjar 27. juni kl. 14.00.

Opningstider alle dagar: 11-18

Inngang

Bill : kr 40,- Born under 15 år gratis

Utstillingsstad:

Vinjar, 13 km vest for Åmot (retning Haukeli).

Vinje handverkslag driv óg Haugsæl i Bøgrend og stampa på Mjonøy. Haugsæl ope kvar laurdag 11 – 14. Elles ope etter avtale.

www.vinjehandverkslag.no
post@vinjehandverkslag.no

Veke 28 juli

Rauland er full av kulturtilbod om sommaren. Om ettermiddagen kan det vera greitt å gjera noko heilt anna. Her er forslag til aktivitetar i nærområdet.

Tysdag Omvisning på Telemarkstunet, steinomsbakeri og handverksutsalg. Deretter guida spasertur til Totak med informasjon om turstiar, badeplassar m.m.

Onsdag Tur til Rauland Kyrkje. Lafta korskyrkje frå 1802. Guide i kyrkja.

Torsdag Besøk Rauland kunstmuseum. Dyre Vaa samlingane og Knut Skinnarland museum. Musea ligg i gangavstand frå Raulandsakademiet. Guide på musea.

Fredag Besøk Rauland Kunstforening si sommarutstilling i Rauland sentrum.

Laurdag kveld Avslutningskveld, utstilling av det vi har laga på kursa, konsert, servering.

I tillegg er det mange andre arrangement, konsertar og foredrag i kulturkommunen Vinje. Du får informasjon kvar morgon i kurstida.

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Pilfletting 12.7-18.7

Klara Pil Kurs 1036

Dette kurset høver både for nybyrjarar og øvde innan pilflettingskunsten. Det blir undervist i grunnelggande teknikkar i korgfletting:

- Stjernebotn
- Kimning
- Forskjellige sideflettingar
- Nedlegging av kant
- Påsetting av hank.

Det vil fyrst bli undervist i runde korger. Dei som ynskjer det kan lage korger med katalansk botn som basis. Det blir ei spanande og annleis korg. På slutten av kurset får du høve til å flette inspirerende flettingar til hagen. Kursdeltakarane kan ta med eige verktøy eller låne av Klara Pil. Det som er aktuelt er skarp kniv, hagesaks, bankejern og kraftig syl. Ellers er det kjekt å ha med eit lodd og eit gammalt handkle. Av praktiske årsaker må Klara Pil ha antal påmeldte minst 2 veker før kursstart. Da blir pila lagt i bløyt så han er klar til kurset. Sjå bilete av produkt som ein kan lage på kurset: www.klarapil.no

Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 4900,- Opphald og mat kr 3480,-



DET GÅR AN PÅ RAULAND

Staskniv med sølvbeslag **12.7-18.7**

Martin Elgum Kurs 1042

På kurset vil du lære heile prosessen med å lage ein staskniv med sølvbeslag. Det blir travelt på dette kurset og alle lagar same knivmodell. Ting som blir gjennomgått er: Skjere til slira, bløyting og holstikking, syng, dekor og overflatebehandling. Skaftarbeid med val av material, forming, skjefting, tilpassing av holkar og overflatebehandling. Sølvarbeid, lage beslag, hengsel for oppheng, lodding og etterbehandling. Kurset høver for dei som har laga kniv før, det er og fordel med erfaring frå sølvarbeid. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Ikonmåling **12.7-18.7**

Vappu Larsen Kurs 1044

På kurset vil du lære tradisjonell russisk ikonmåling. Kurset tek sikte på å lære teknikkane som må til for å lage eit ikon: Lære å preparere treplanken med lim og kritt. Teikne på den ferdig preparerte planken. Fargelære og lære om eggtempra teknikk i ikonmåling. Bruk av bladgull. Fernisering og montering av ikonet. Materialutlegg ca 1000 kr. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Maskinstrikking, grunnkurs 1 **12.7-18.7**

Marit Buset Kurs 1006

Det blir gjennomgang av dei ulike mønstervariasjonane som ein finn på maskina, kantar, avslutningar, utrekning av oppskrifter, montering og etterbehandling. Del-takarane må ha basiskunnskap som å legge opp og felle av. Dersom ein ynskjer å lære meir, høver grunnkurs 2 i veke 29 godt som påbygging til dette kurset. Ta med eigen strikkemaskin, elektronisk eller holkort. Det blir høve til å prøve PC med DesignaKnit strikkeprogram. Leige av strikkemaskin kr 500.-. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Gyllenler, grunnleggande innføring **12.7-18.7**

Marit Furulund Kurs 1011

På kurset får du innføring i heile prosessen for gyllenler, prege skinn, legge på gullgrunn, legge på bladgull, legge på gullferniss og til slutt male leret med oljefargar. Kurset høver for nybyrjarar. Vi brukar vegetabilsk garva skinn. Lærar kan skaffe materiell dersom du har vanskar med å skaffe det sjølv. Materialkostnad ca kr 1300.-. Marit Furulund er meister i gyllenlerfaget og har hatt utallige kurs. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Datakurs, tekstbehandling for skriveglade 12.7-15.7

Espen Høegh-Larsen Kurs 1027

Har du tankar om å lage eit hefte eller bok? Dette kurset gjev deg opplæring i verktøyet du treng for å halda styr på sidetal, innhald, fotnoter m.m. På kurs-et lærer du: Allminneleg tekstbehandling, automatisk innhaldsliste, fotnoter og sluttnoter, stikkordsregister, spaltering, bruk av illustrasjonar og bilete og klargje-ring for trykking. Espen Høegh Larsen underviser i data til dagleg. Kurs måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Baking, steinomn og takke 12.7-15.7

Torbjørn Løvås Kurs 1095

Du vil lære baking i vedfyrt steinomn. Heile prosessen frå å fyre opp omnen, lage deigar til ferdig steikte brød og kaker. Det blir og tid til å prøve ut særskilde opp-skrifter. Du vil lære baking på takke, lage kling, brau, lefser, lappar m.m. Torbjørn Løvås er kokk og arbeider til vanleg på Raulandsakademiet. Kurs frå måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Data, lag dine egne web-sider 15.7-18.7

Espen Høegh-Larsen Kurs 1009

Har du noko du vil presentere på nettet? Grunnkurs for deg som ynskjer å koma i gang med å utvikle dine egne websider. Alle websider er bygd opp i kodespråk-et HTML, og på dette kurset får du kunnskap om dei mest bruka kodene. Enkel biletbehandling. Espen Høegh-Larsen har undervist i data i årevis. Kurs torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-



Studentkonsert HiT, våren 2009

Kalligrafi, påbyggjingskurs 15.7-18.7

Borghild Telnes Kurs 1086

Kurset gjev vidare innføring i kalligrafi og er mynta på dei som har litt kunnskap om handverket frå før. Vi tek for oss ulike skrifttyper innan vestleg kalligrafi. Det vert lagt mest vekt på italic, men vi er og innom uncial og gotisk. I tillegg blir det undervist i layout og skrifthistorie. På kurset trenar vi på skrifttyper og bokstavformer og det vert lagt opp til å arbeide med eigne prosjekt for dei som ynskjer det. Det vert lagt vekt på både fellesundervising og individuell rettleiing. Du får kjøpt materiell på kurset, men ta med det du har av kalligrafipennar, splittar, blekk og vassfarge. Materiellkostnad: ca 250-500 kr. Målgruppe: Litt trenar. Heimeside. www.firingan.com. Kurs frå torsdag kl 19 til sundag kl 12.

Påmeldingsfrist 14.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Annonse



Tegn og Mal
i Telemark

50 år

Målarkurs på
Nutheim Gjestgiveri

www.nutheim.no

Intense og lærerike dagar i hjartet av Telemark

		20.juni - 25.juni Kjersti Grøstad 4.juli - 9.juli Ivar Øksendal 25.juli - 30.juli Sissel Vagard 1.aug. - 6.aug. Evelyn Melsom 19.sep. - 24.sep. Stein Westgaard
---	---	---

Pris: kr 8.500,- (kr 8.000,- i dobbeltrom)
Inkluderar kursavgift kr 3.900,- (45 t),
kost og losji.

Nutheim Gjestgiveri, Flatdalsvegen 1283, 3841 Flatdal. Tlf.: 35 05 21 43 - nutheim@online.no

Rauland er full av kulturtilbod om sommaren. Om ettermiddagen kan det vera greitt å gjera noko heilt anna. Her er forslag til aktivitetar i nærområdet.

- Tysdag** Omvisning på Telemarkstunet, steinomnsbakeri og handverksutsalg. Deretter guida spasertur til Totak med informasjon om turstiar, badeplassar m.m.
- Onsdag** Tur til Rauland Kyrkje. Lafta korskyrkje frå 1802. Guide i kyrkja.
- Torsdag** Besøk Rauland kunstmuseum. Dyre Vaa samlingane og Knut Skinnarland museum. Guide på musea.
- Fredag** Besøk Rauland Kunstforening si sommarutstilling i Rauland sentrum.
- Laurdag kveld** Avslutningskveld, utstilling av det vi har laga på kursa, konsert, servering.

I tillegg er det mange andre arrangement, konsertar og foredrag i kulturkommunen Vinje. Du får informasjon kvar morgon i kurstida.

Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Lafting 2, restaurering av lafta bygg 19.7-1.8

Otter Romtveit Kurs 1032

Dette er laftekurs nr. 2. Det fyrste startar 28. juni. For å vera med på dette kurset er det ein fordel å ha gått eit grunnleggjande laftekurs eller ha arbeidd med lafting. På kurset vil du lære:

- Å registrere skeive delar og andre skader på bygningen. Merking av stokkane. Dette blir gjort før ein riv bygningen.
- Å skifte ut veggjar og /eller spunsing (seta inn nytt treverk i skadde stokkar)
- Materialval for reparasjonane
- Grunnbehandling av stokkar og treverk som blir skifta ut.

Du får opplæring i bruk og oppsetjing av verktøy. Deltakarane må ha med eige handverktøy og verneutstyr. Du kan leige lafteverktøy, kr 300.-. Otter Romtveit er byggmeister og arbeider profesjonelt med lafting. Kurset varer to veker.

Påmeldingsfrist 21.6 Kurs kr 8600,- Opphald og mat kr 6960.-

Gyllenler, måling 19.7-25.7

Marit Furulund Kurs 1012

Kurset vender seg til dei som har prega leret og lagt på gull før dei kjem på kurset. Dette er eit reint målekurs, og det blir lagt vekt på penselføring, fargar og fargesamansetjing. Marit Furulund er meister i gyllenlerfaget. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6 Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Maskinstrikking, grunnkurs 2 **19.7-25.7**

Marit Buset Kurs 1007

På kurset blir det gjennomgang av ekstrauststyr som holslede, fargeskiftar, intarsia og patentapparat. I tillegg design av eigne plagg. Grunnkurs 2 høver godt som påbygging til grunnkurs 1 i veke 28, slik at ein kan gå to veker etter kvarandre. Deltakarane må ha basiskunnskap som å legge opp og felle av. Ta med eigen strikkemaskin, elektronisk eller holkort med ekstrauststyr. Det blir høve til å prøve PC med DesignaKnit strikkeprogram. Du kan leige strikkemaskin for kr. 500.-. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Akvarell **19.7-25.7**

Ivar Øksendal Kurs 1035

Du blir kjent med ulike akvarellteknikkar. Vi målar akvarell både ute og inne, landskap, oppstilling m.m. Ivar Øksendal er utdanna frå Statens Kunst-og Handverkskole og Statens Kunstakademi, har hatt mange separatutstillingar og er innkjøpt av fleire galleri. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Design, mønsterkonstruksjon og saum av klede **19.7-25.7**

Veronika Glitsch Kurs 1030

Har du lyst til å sy klede etter eigne ideer, men veit ikkje korleis du skal få laga mønster til dei? Finn du aldri klede som passer heilt til dine mål? Har du for eksempel ein kjole i hovudet som du aldri heilt finn i butikken? Har du eit yndlingsplagg som er utslite, men som du gjerne skulle hatt ein kopi av?

På kurset jobbar vi med grunnleggande mønsterkonstruksjon for klede. Vi tar for oss grunnformene for skjørt, overdel og bukse. Ein av desse tilpasser vi etter eigne mål, og syr opp lærretsmodell for å gjere innprøving på kroppen. Tilpassinga vi gjer under innprøvinga overfører vi til grunnformmønsteret. Grunnformene blir bruka som utgangspunkt for å konstruere plagg etter dine eigne idear. For å konstruere kjolar og kåper byggjer du saman grunnform overdel og grunnform skjørt. Du lærer korleis du forandrar grunnmønstra, legg inn større volum, forandrar fasong, legg saumar der du ynskjer, til du har fått fram din eigen design. Dei siste dagane på kurset brukar vi til å sy opp plagget du har konstruert. Du lærer korleis du bruker mønsteret for å klippe ut delane til plagget, og den saumteknikken som skal til for å få eit proft resultat. Under saumprosessen gjer vi innprøvinger etter eigen kropp om det er deg sjølv du syr til. Sjå heimeside: www.veronikaglitsch.no Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Rosemåling, telemarkstil **19.7-25.7**

Kari Signe Bråten Knudsen Kurs 1065

Kurset høver for deg som har prøva litt rosemåling før. Oljefargar. Individuell undervisning. Kurset inneheld teori om oppbygging og linjeføring i ei Telemarksrose, men det blir lagt mest vekt på praktiske øvingar. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Treskjerjing, drakestil **19.7-25.7**

Anneli Engeland Kurs 1023

På kurset blir det undervist i drakestil inspirert av stilen utvikla av Lars Kinsarvik og Magnus Dagestad. Du får opplæring i materiallære og sliping av jern. Du får grunnleggande opplæring i drakestil, men kurset har og plass for øvde treskjerarar. Det blir faste oppgåver frå kurslærer. Anneli Engeland driv eigen treskjerarverkstad i Granvin. Materialutlegg kr 800,-. Leige av jern kr 300,-. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Tredreining, fat og bollar **19.7-25.7**

Ingebjørg Neset Kurs 1046

Dette kurset vender seg til dei som har arbeidd med tredreining. Vi legg vekt på form og uttrykk. Vi dreiar fat og bollar med skulp, bolleskulpar og formskulpar og dekorerar treet med dremel, stålbørste og diverse anna reiskap. Bruk av air-brush. Ta med vertøy og material. Ingebjørg Nest er kjend for sine flotte og fantasifulle tredreingsprodukt. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4600,- Opphald og mat kr 3480,-

Sølvarbeid for nybyrjarar **19.7-25.7**

Anne Synnøve Berglund Kurs 1029

På kurset lagar vi enkle smykke som anheng, ring, brosjé, ørepynt og ulike kjede. Kurset høver for nybyrjarar og for dei som har litt erfaring med sølvarbeid. På kurset får du grunnleggande innføring i materiale, teknikkar og overflatebehandling. Kvart kurs har nye oppgåver, så derfor høver kurset og for deg som har gått på liknande kurs før. Materialkostnader ca kr 1500,- etter kor mykje som blir laga. Anne Synnøve Berglund har svennebrev som filigranarbeidar og har mastergrad i tradisjonskunst på Høgskulen i Telemark, Rauland. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 21.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Veke 30 juli – august

Rauland er full av kulturtilbod om sommaren. Om ettermiddagen kan det vera greitt å gjera noko heilt anna. Her er forslag til aktivitetar i nærområdet.

Tysdag Omvisning på Telemarkstunet, steinomnsbakeri og handverksutsalg. Deretter guida spasertur til Totak med informasjon om turstiar, badeplassar m.m.

Onsdag Tur til Rauland Kyrkje. Lafta korskyrkje frå 1802. Guide i kyrkja.

Torsdag Olsok arrangement i Rauland Kyrkje. Kyrkjegardsvandring, Olsokgraut m.m.

Fredag Besøk Rauland Kunstforening si sommarutstilling i Rauland sentrum.

Laurdag Besøk Rauland kunstmuseum. Dyre Vaa samlingane og Knut Skinnarland museum. Guide på musea.

Laurdag kveld Avslutningskveld, utstilling av det vi har laga på kursa, konsert, servering.

I tillegg er det mange andre arrangement, konsertar og foredrag i kulturkommunen Vinje. Du får informasjon kvar morgon i kurstida. Nytt i år: 10% rabatt på kursavgifta dersom du melder deg på før 1. mars.



Redesign av klede 26.7-1.8

Veronika Glitsch Kurs 1062

Har du klede liggande som ikkje har rett fasong, men som har eit stoff du likar og som ikkje er utslite enda? Da kan du lære å lage heilt nye plagg ut av dei bruka kleda. Du får rettleiing til å få fram dine eigne idear og ynskjer. På kurset lærer du å sprette opp plagg, og bruke delane til å modellere opp eit nytt plagg på ei byste. Einskilde detaljar ynskjer du kanskje å bruke frå det gamle plagget, kanskje ein lukking eller ei linning kan brukast om att på det nye plagget? Når du har modellert plagget ferdig på bysta, lærer du sømteknikken som skal til for å få et profitt resultat. Finn fram bruka klede som har litt ulike stoffkvalitetar, nokon tjukke, nokon tunne, nokon vevde nokon strikka (jerseystoff eller tjukkare strikkeplagg). Det kan og vere kjekt å ha med litt skråband, knappar, glidelåsar, strikk og liknande om du skulle trenge det til dei nye plagg. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Gyllenler, måling 26.7-1.8

Marit Furulund Kurs 1013

Kurset vender seg til dei som har prega leret og lagt på gull før dei kjem på kurset. Dette er eit reint målekurs og det blir lagt vekt på penselføring, fargar og fargesamansetjing. Marit Furulund er meister i gyllenlerfaget. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Sisselering **26.7-1.8**

Linn Sigrid Bratland Kurs 1077

Sisselering er ein form for modellering i metall ved hjelp av hammar og punsel. På kurset vil du lære å lage ulike punsler, og prøve desse i kopar. Du vil og lage ein gjenstand i sølv, med siselert dekor. Du treng ikkje å ha siselert før, men det er ein fordel om du kan det grunnleggande innan metallarbeid, slik som lodding filing og saging. Linn sigrid Bratland er smykkedesigner. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 3480,-

Tredreiging **26.7-1.8**

Johannes Rieber Kurs 1060

Kurset er høveleg for deg med grunnleggande kjennskap til tredreiarfaget, men kan og vera til stor nytte for nye. Vi skal gå gjennom ymse teknikkar innanfor tredreiging og design av dreia produkt. Kurset blir lagt opp slik at du lærer noko som vil hjelpe deg til å utvikle deg vidare på eiga hand i eigen verkstad. Heimeside: <http://rieber.org/wood>. Kurs frå torsdag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 4600,- Opphald og mat kr 3480,-

Forteljarkunst **26.7-1.8**

Gunn Inger Aareskjold Kurs 1005

Høyrer ikkje folk etter når du fortel? Greier du ikkje å fengsle tilhøyrarane dine? Manglar du det vesle ekstra som gjer at du lykkast i formidlinga? På dette kurset vil du lære teknikkar som hjelper deg til å:

- Hugse ei historie, og kunne gjenfortelje ho.
- Bli bevisst på eiga stemme, pust, kropp og mimikk.
- Kunne fortelje med snert og innleving.

Du vil bli introdusert for sagn, myter, fabler og eventyr.

For å setje fantasien i sving, bruker vi løgner og sanning, gamle postkort, stoff, artige rekvisitter og mykje meir. Når kurset er slutt vil du ha eit knippe historier som du kan ta med heim, og fortelje for vener, familie, kollegaer, eller i jobb-samanheng. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs 4300,- Opphald og mat kr 3480,-



DET GÅR AN PÅ RAULAND

Bunad, omsaum og tilpassing **26.7-1.8**

Åse Bratland Kurs 1025

Har bunaden krympa i skåpet eller skal bunaden syast om til ein annan person? Kurset omhandlar omsaum og tilpassing av Vest-Telemark kvinnebunad. Du får innføring i tradisjon, tilpassing, bruk av materiale og kvalitetskrav. Det vert og ei innføring i drakttradisjonar ut frå historisk kjeldemateriale. Deltakarane må ha med seg bunaden som skal syast om. Dersom det ikkje er eigen bunad, må den som skal ha han vera tilgjengeleg for prøving. Eiga symaskin må du ha, og sytreening er ein fordel. Åse Bratland har arbeidd med bunadsaum i mange år og er tilknytt Folkekunststudiet, Høgskulen i Telemark, Rauland. Kurs frå måndag kl 19 til søndag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 4300,- Opphald og mat kr 4380,-

Skrivekurs **26.7-29.7**

Kjersti Wold Kurs 1020

Dette kurset vender seg til alle som ynskjer å bli betre kjent med verktøykassa til forfattarfaget. Med hjelp av ulike skriveoppgåver vil du få innblikk i korleis du komponerer eit dikt, skriv ei novelle eller startar på ein roman. Du vil og få innføring i knep og skrivetriks for å bli ein betre skribent. Kurset passer for alle skrive- og litteraturinteresserte og krev ikkje noko særskilt erfaring på førehand. Kjersti Wold er skjønnlitterær forfattar og har saman med Gro Dahle gjeve ut to bøkar om kreativ skiving. Ho har hatt fleire hundre skrivekurs, og er ein av dei mest etterspurte kursleiarane i landet. www.kjerstiwold.no Kurs frå måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 2600,- Opphald og mat kr 1740,-

Strengarbeid, taterkunst **26.7-29.7**

Glenn-Frode Pedersen Kurs 1017

På kurset vil du lære strengarbeid som tradisjonelt vart gjort av tatarar. Vi kjem til å lage visper, krokar, lysestaker, grytekvilere m.m.

På kurset syter Glenn-Frode Pedersen for at alle deltakarane får alt dei treng av verktøy, utstyr og streng. Materialkostnad kr 100.-

Glenn-Frode Pedersen har i hovudsak jobba med dette handtverket for å ta opp att gamle tradisjonar som stod i fare for å bli borte. Han er stadig på farten med tener og ståltråd på messer, kurs, utstillinger og i ymse foreningar. Glenn-Frode Pedersen er sjølv tater og er stolt av taterslekta og deira handverkstradisjonar. Kurs frå måndag kl 19 til torsdag kl 12.

Påmeldingsfrist 28.6. Kurs kr 2250,- Opphald og mat kr 1740,-

Kategorier

Tekstil og skinn:	<i>side</i>
Bilettev.....	17
Bunad, omsaum og tilpassing.....	30
Design og saum av klede.....	26
Maskinstrykking, grunnkurs 1.....	22
Maskinstrykking, grunnkurs 2.....	26
Møbeltapetsering.....	17
Redesign av klede.....	28
Skinnefell, trad. saum og trykking.....	13
Toving, veske, skjerf og hatt.....	14

Smykke og metallarbeid:	
Emaljering.....	13
Sisselering.....	29
Strengarbeid, taterkunst.....	30
Sølvsmykke med trådkunstteknikk.....	19
Sølvarbeid for nybyrjarar.....	27
Sølvarbeid/filigran.....	17

Trearbeid:	
Figurskjering, intensivkurs.....	18
Figurskjering til jol.....	20
Figurskjering, vekeskurs.....	13
Knivkurs for vidarekomande.....	9
Lafting.....	12
Lafting og restaurering av lafta bygningar.....	25
Mandolin, bygg din eigen.....	16
Pilfletting.....	21
Staskniv med sølvbeslag.....	22
Tredreiing.....	29
Tredreiing bollar og fat.....	27
Treskjering, drakestil.....	27
Tægerbinding.....	16

Teikning og måling:	<i>side</i>
Akvarell.....	26
Gyllenler, grunnleggande innføring.....	22
Gyllenler, måling 1.....	25
Gyllenler, måling 2.....	28
Ikonmåling.....	22
Kalligrafi, påbyggjingskurs.....	24
Landskapsmåleri.....	18
Lasering, rosemåling på møblar, helgekurs.....	8
Lasering, rosemåling på møblar, vekeskurs.....	12
Rosemåling, helgekurs.....	8
Rosemåling, vekeskurs.....	27
Teiknekurs for deg som "ikkje kan" teikne.....	14
Teikning, helgekurs.....	9

Matkurs:	
Baking, steinovn og takke 1.....	8
Baking, steinovn og takke 2.....	23
Pølse, heimelaga.....	9

Foto, data og kommunikasjon:	
Datakurset, livredd for data.....	9
Data, tekstbehandling for skriveglade.....	23
Data, lag dine egne websider.....	23
Forteljarkunst.....	29
Fotografering med digitalt kamera.....	15
Foto, behandling av digitale bilete.....	15
Skrivekurs.....	30
Skrivekurs for besteforeldre.....	14

Diverse:	
Båtførarprøva.....	15
Fuglekikking.....	11
Slektsgransking.....	19
Steinsliping.....	18




RAULAND
TURIST

Heilårsoppe turist- og bookingkontor for Rauland, Vinje og Haukeli.

- Booking av overnatting, billetter og opplevingar
- Turistinformasjon
- Internettservice
- Souvenir, bøker, kart, postkort, frimerker

Tlf. 35 06 26 30 – info@visitrauland.com – www.visitrauland.com

B

RAULANDSAKADEMIET

Vi vil invitere deg til kurs på Raulandsakademiet. Her håper vi du vil få ei oppleving som gjev deg noko nytt, anten du har drive med ulike former for handverk og kreative prosessar før, eller at dette er ei heilt ny verd for deg.

Raulandsakademiet har drive med kurs i meir enn 30 år og tradisjon og fornying er viktige prinsipp. I år kan vi tilby tradisjonelle kurs, som til dømes laftekurs, knivkurs, bunadskurs og gyllenler. Og vi kan tilby heilt nye kurs, til dømes pilfletting, strengarbeid og mandolinbygging.

Raulandsakademiet arbeider for å ta vare på tradisjonane innan folkekultur. Her finn du noko for alle. Under kurset kan du bu på Raulandsakademiet. Men elles kan du leige deg inn på Raulandsakademiet heile året, skiferie, molteferie, kor eller korpssamling og på sommarferie. Her får du fantastisk natur- og kulturoppleving til rimeleg pris.

Kursoversikta finn du inne i katalogen. Lurar du på noko i samband med kurs, overnatting, mat, selskap og opplevingar er du velkommen til å kontakte oss på tlf. 35 07 32 92 eller klikke deg inn på:

www.raulandsakademiet.no

Vi ser fram til å sjå deg på Raulandsakademiet, Velkommen til oss!



RAULANDS
AKADEMIET
www.raulandsakademiet.no

Raulandsakademiet AS
NO-3864 Rauland
Norway

post@raulandsakademiet.no
www.raulandsakademiet.no

Tel.: +47 35 07 32 92
Fax: +47 35 07 35 30

FOLK
folkekulturforbundet

